

Reserveinntak blir etablert**03.12.2010**

**Vassverket er nå i gang med å etablere reserveinntak i Eikelva - 30 meter nedanfor vasverkbygget.
Det opplyser vassverkleiar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no.
Etableringa skuldast ikkje nokon akutt situasjon, men er eit beredskapstiltak med tanke på vinteren.**

- Vi må vera sikra nok vatn gjennom ein kanskje streng vinter. Det er ikkje sikkert at det er tilstrekkeleg med det vanlege inntaket, seier Kjærland. Han kan ikkje no antyda konkret kor stort behovet kan bli.. Men gjenfrysnga i elva går no sin gang på grunn av dei låge temperaturane. Dei håpar på mildare ver i helga.

- Er det avslørt nye lekkasjar på nettet?

- Nei, men vi stoppa ein lekkasje via leidning ut i sjøen på Eikelandet for få dagar sidan. I dette tilfellet slapp vi med andre ord å grava og det er jo alltid ein fordel. Truleg gjekk minst ein halv liter i sekundet tapt for nettet gjennom denne leidningen.

Folk ringte oss om den og eg kan berre konstatera at abbonentane er på hugget for å hjelpe oss med lekkasjejakta. Det takkar vi for, seier Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen